

# Over 100 mill. frå landbruket

**NORDHORDLAND:** Landbruket i Nordhordland skapte i 2013 verdier for godt over 100 millionar kroner.

Av Livar Aksnes  
livar@strilen.no

Landbruket er ikkje akkurat ei næring i vekst, spesielt ikkje lokalt, men trass i det står ho for ganske stor verdiskaping også i Nordhordland, viser tal frå Statistisk sentralbyrå.

Samla vart det skapt verdier på 149,1 millionar kroner i dei sju nordhordlandskommunane. Jordbruket skapte mest, med 107,7 millionar kroner. Skogbruket produserte verdier for 23,2 millionar, tilleggsnæringar 15,6 millionar og landbruksbasert industri 2,6 millionar.

Også når det gjeld sysselsetjing, har landbruket ein verdi. Totalt var det 472 årsverk i Nordhordland. Av dei var 405 i jordbruket, 31 i tilleggsnæringar, ti i skogbruket og fem i landbruksbasert industri. Men berre eit fåtall av desse har truleg landbruk som eineyrke.

## Lindås mest

Ikkje uventa er det landbruket i Lindås som toppar lista både når det gjeld verdiskaping og sysselsetjing. Samla skapte landbruket verdier for 55,7 millionar og sysselsette 175 personar.

Radøy er ein god nummer to på lista. Samla verdiskaping var 38,7 millionar kroner, og 124 personar hadde sitt yrke i landbruket.

I den andre enden av lista finn med Fedje. Her stod landbruket for ein halv million i verdiskaping og sysselsette til saman to personar.



**JORDBRUK:** Både sauehald og mjølkeproduksjon skapar verdier i jordbruket.

## Voss på topp

Av kommunane i Hordaland er det Voss som toppar lista over verdiskaping i landbruket med 236 millionar kroner. På andreplass kjem Ullensvang med 118 millionar, på tredjeplass Kvinnherad med 117 millionar og på fjerdeplass Etne med 105 millionar. Men Bergen toppar lista når det gjeld landbruksbasert industri. Den skapar verdier for 896,8 millionar kroner og sysselset 948 personar, mellom anna i meieri og kjøtforedling.

Tala i denne artikkelen stammar og frå prosjektet Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane.



**SKOGBRUK:** Uttak av tømmer skapar verdier i Nordhordland, men resultatet år for år varierer mykje.

## FAKTA

### SLIK ER TALA:

	Jordbruk (mill. kr)	Skogbruk	Tilleggsn.	Indust.	Pers.
• Modalen	2,9	1,9	0,5	-	10
• Meland	14,2	1,9	1,2	-	51
• Radøy	32,8	2,2	3,7	-	124
• Lindås	37,8	10,1	6,7	1,1	175
• Austrheim	7,6	0,6	1,2	-	30
• Fedje	0,4	0,1	-	-	2
• Masfjorden	12,0	6,5	2,3	1,5	57

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

## Mongstad Eit kraftsenter i Nordhordland

Rundt 1100 personar har sitt daglege arbeid knytt til Statoil sine aktivitetar på Mongstad. Ringverknadene av dette er over 4000 arbeidsplassar totalt.

Statoil sine aktivitetar på Mongstad omfattar drift av eit oljeraffineri, eit prosessanlegg for foredling av våtgass, ein råoljeterminal og eit kraftvarmeverk som er tett integrert med raffineriet. På Mongstad er òg Statoil medeigar i det største teknologisenteret for CO<sub>2</sub>-fangst i verda.

På Mongstad produserer vi langt meir drivstoff enn vi brukar i Noreg, er nest største oljehamn i Europa og er med det ei av dei største eksportbedriftene i landet. Vi produserer òg straum tilsvarende rundt 9 prosent av forbruket i Hordaland.



Statoil